

Louise Lunde  
Grunnskov

# Stille Stunder



Eit norsk blad for tru og gudlegdom

Nr. 4.

28. februar 1934.

46. årgangen.

## Frigjering.

(Joh. 8, 31—44.)

—o—

Det er ein stor lovnad Jesus gjev dei som trur på honom: sanningi skal gjera dykk frie.

Kann du nemna noko som hev større verd for livet enn fridomen? Mange hev kjøpt fridomen med blodet sitt. So skulde ein venta at alle vilde taka imot ein slik lovnad. Men jamvel Jesus møtte motsegn. For ein audmykjing som ligg bak. Kven bryr seg um å læra sanningi um seg sjølv. Dei fleste vil helst tru godt um seg sjølv. Dei fleste er redde for at det som bur inne i dei skal koma fram i ljuset, um det so berre er dei sjølve som ser det. Det er beiskt å verta bøygd ned i skamkjensle. Heller då vera den verkelege fridomen forutan enn å hava strevet med å vinna den!

Ingen som hev vakta ein grand på seg sjølv, vil påstå, at han er fri og ikkje treng frigjering. Han hev nok altfor ofte havt grunn til å skjemmast yver seg sjølv, når han ikkje vann styra ovhugen, men let dei låge drifter og krefter råda, og dagstøtt kjenner seg bunden av otte for andre menneske. Rett som det er kjenner han, at umsynet til andre folk og deira dom tvingar han til å gjera det han ikkje skulde. Kor mange torer påstå, at dei hev mot

og kraft til å vera heilt ut trugne mot seg sjølv og si eigi yvertyding! Og so alle dei gonger menneski fylgjer sine hugskot i den tanke, at då er dei frie! Kor ofte fører ikkje denne fridomsvegen til trældom under synd og last. Ein herleg fridom! Og um det ikkje gjeng so gale, må kvart ærlegt menneske som vil leva noko meir enn eit liv utan samanheng, kjenna seg sjølv att i apostelen si røynsle: «Det gode eg vil, gjer eg ikkje, men det vonde som eg ikkje vil, det gjer eg».

Kor ofte hev ikkje den dagen som me gjekk til med god vilje, enda med skam og samvitsnag! Prøver me so å få samvitet til å tegja, kjenner me at det er å bruka vald mot det beste i oss. Men å vera slik i strid med seg sjølv, er alt anna enn fridom.

Me er trælur, for di me er vonde. «Kvar den som gjer synd, trælur under syndi». Og døden legg sin myrke skugge yver alt saman. Me trår etter å eiga livet trygt, men kann missa det kva dag det skal vera. Difor ber menneskehjarta på ein løynleg otte for det som kann koma. Det er i «trældom under otte for døden».

Det må frigjering til. Ingen fridom utan frigjering. «Sanningi skal gjera dykk frie!» Berre ein då hadde mot til å gjeva seg sanningi i vald! So lenge sanningi er langt

undan, kann me nok halda den gjæv. Men dei fleste kvider seg for å få sanningi inn på livet; dei likar ikkje den spegelen som dei lyt sjå inn i — og sjå seg sjølv som dei retteleg er. Dei hev det på same måten som sjuke folk: dei vil ikkje få vita sanningi um korleis det stend til med dei.

Men der er ingen veg utanum. Ingen fridom utanum sanningi. Det gjeld å få det mot som torer og vil sjå sanningi som den er. Fær berre den sjuke tillit til lækjaren, vert han nok viljüg til å tru seg til han.

Jesu ord er sanningi. «Vert de verande i mitt ord, då skal de læra å kjenna sanningi». Men Jesus er eitt med ordet sitt. Slik som han tala, slik var han og levde han. Han er sjølv sanningi. So finn dei fridomen hjå honom. Han er alltid den same, rein og kjærleg jamvel i lidingsi og døden. Han misser aldri herredømet yver seg sjølv. Han kann gjera deg fri, han og ingen annan.

Han kann taka burt sjølve trælemerket. Samvitsuroi og illotten. Livet sitt ofra han; med det kjøpte han seg retten til å frigjera menneska ved syndsforlating i hans namn. Hev ein berre tiltru til honom, so tarv ikkje noko menneske vera redd for å verta førd ned i den djupe dalen der ein lærer seg sjølv å kjenner og ser seg sjølv utan nokon pryd-

nad. Han er den faste grunnen som du kann byggja eit nytt liv på i sanning og fridom. Vert du verande i ordet hans og gjev det makt yver vilje og samvit, so vinn du lenger og lenger på frigjerings veg. Bandi vert løyste, viljen vert grunnfest i det gode. Du kjenner at det kjem samljod i ditt eige liv. Du vinn den fridom som kvar levande skapning i naturi lærer oss er den rette: å kunne fylgja lovi for eins eige vesen.

Den som ikkje lenger er bunden av låg trå og lyst, av otte for menneski og sjølvkjærleik, men lærer å gjera si plikt, lærer å vera samvitsfull, sann og ærleg, rein i tanke og hug, god og kjærleg — han vert fri. Han vert eit menneske slik som Guds tanke var, då han skapte mennesket i sitt bilete. Han gjeng i Jesu fotefar.

Den som Sonen fær frigjort vert retteleg fri.

J. CHR. PETERSEN.

## Misjonen og nasjonalitetsframvoksteren.

Av dei mange innvendingar mot misjonen er der serleg ein, som slær på dei nasjonale strengene. Den gjeng ut på, at misjonen sluker so mykje av åndeleg og nasjonal kraft, at han hindrar framvoksteren av ei sterk nasjonalånd. Misjonssans og nasjonalsans er tvo motsette herar, som ein ikkje kann tena samstundes. Arbeidet for misjonen bør difor i fedrelandet sitt namn motarbeidast.

Mot dette kann ein reisa fleire motsegner av historisk og tankevoeren art.

1. Frå saga kann ein syna, at misjonen i regelen hev skote vokster i dei nasjonale tider. I Tyskland vart soleis dei fleste misjonslag skipa i tidi etter den store fridoms-krigen i byrja av fyrre hundradår. I England heng misjonen noggrannt saman med riket sin framvokster.

Ser me på vårt eige land, so vart det norske misjonsselskap skipa i 1842, nett ei framgangstid for nasjonalt liv. I det heile: misjonstanken skyt vokster i fleste land i den tidi av nasjonalvekking, som fylgde etter Napoleonskrigane og revolusjonane. Dette peikar på at der er samanheng millom religiøs og nasjonal folkevekking.

Nasjonal vokster vert det då, når eit folk ser si oppgåve og det tilskot til slekti sitt liv, som just det hev å gjeva — når det fær auga på sitt kall i ljuset av si saga og i skyn på notidskravi. Men i kallsmedvitand det ligg og gudsmedvitand. Og kallet vert då ogso eit kall til å taka sin lut av mannaetti si store samuppgåva: å gjera jordi til eit Guds rike.

2. Misjonsarbeidet er uttrykk for den edlaste utvidingstrong hjå eit folk. Det beste i oss kann me best vara ved å føra det vidare og hertaka nytt. Rikdomen vår varar me ved å gjeva. Det beste og sterkaste i folkelivet vårt er livande kristendom. Ogso med umsyn til den gjeld det:

«Norrønafolket det vil fare,  
det vil føre kraft til andre».

Og i åndens og Guds verden hev ogso dei små nasjonar sitt tilskot å gjeva.

Velsigningi av det strøymer attende. Det syner seg i, at dei sterke misjonstider slett ikkje hev svekt den nasjonale kyrkja, men tvertimot gjenge hand i hand med den høgste utfalding av kraft. Ei sterk og helsug nasjonal kyrkje vil difor ogso driva ein sterk nasjonal misjon.

3. Misjonen hindrar ein einsidug og uhelsug romantisk nasjonalhug, døyver dei chauvinistiske ovringar og hjelper ved det fram ein sunn nasjonalhug. Det vide utsynet gjev klårleik yver eigi avgrensing og egne oppgavor. Og for store luter av folket vårt er misjonen det opne vindauga ut til verdi. Og han er det på ein annan måte enn avisone, av di han krev personlegt arbeid og

det å vera med i ei stor heimsupp-gåve.

4. Misjonen er ein skule i vidsyn og offervilje, som ogso i høg grad tenar det ekte nasjonale arbeid. Det syner seg i praksis, at dei største tilskot til misjonen kjem frå dei strøk av vårt land, der den nasjonale sans og rørsle er sterkast og der dei ogso ofrar rikt til alle nasjonale fyremål.

Alt dette tyder på, at misjonsarbeidet er eit utslag av kristeleg og nasjonal kraft, som ikkje fortentar at me mismæter det, men at me innvar oss for det og styd det.

Etter K. Martinussen.

Bladstyr

## Lina Sandell.

Lina Sandell var svensk songdiktar, og hennar kristelege songar hev ikkje berre i dei skandinaviske land vorte sungne og elska i vide krinsar, men dei hev vorte umsette til mange mål, so dei høyrer til den kristelege heimsliteratur. Merket L. S. vil ein finna i mest alle kristelege songbøker. Endå ho seinare vart gift og fekk namnet Lina Berg, so vart det fyrste namnet, som ho bar den tid ho dikta sine fleste songar, verande som hennar forfattarnamn.

Lina Sandell var dotter til provsten Sandell i Frøderyd, Småland. Ho vart fødd 1832. 1867, altso 35 år gamal vart ho gift med grosserar C. O. Berg og vart då buande i Stockholm.

Ho hadde eit sers mildt og kjærlegt huglag og var sers avhaldi av alle sine i heimen. Ho hadde gode evnor, og var i det heile vel utreidd av naturi.

Provst Sandell, far hennar, var ein uvanleg gáverik og varmhjarta forkynnar av ordet. Av heile sitt brennande hjarta gav han seg til arbeidet for å frelsa sjeler. Ordi hans var: «Lat oss ikkje sitja makeleg på studerromi våre og venta på eit høve til å få segja eit ord frå Herren. Men lat oss sjølve leita upp

høvet. Mange sjeler vert liksom Nikodemus haldne attende frå å søkja sjelesyrgjaren av otte. Difor må me gå og møta deim». Soleis gjorde han sjølv. I heimen samla han folket sitt ikring Guds ord, og hans alvorlege og varme forkynning um synd og nåde fyllte stødt kyrkja hans. Um sundagskveldane heldt han bibeltimar i heimane. Vart åhøyrarflokket for stor, so samla han um sumaren folket på ein open plass. Han var ogse ein stor misjonsven og skipa fleire misjonslag. Likeeins var han mykje verksam for avhaldssaki.

Lina fylgde faderen sitt arbeid med stor samhug alt frå ho var liti, og hekk ved honom med stor kjærleik. Då ho kom so langt tok faderen på seg å undervise henne. I arbeidsromet hans fekk ho då si vesle krå, der ho kunde stella med sitt. Dette romet, som faderen hadde helga ved still bøn og grunding i ordet, og der hyllone var fulle av gode kristelege bøker, øva umerkande ein helgande innverknad på barnet.

Faderen fekk ofte vitjing av store framståande åndelege menn som dr. Peter Fjellstedt, domprovst Wieselgren m. fl. Dei lærerike og djupe samrøddor som faderen førde med desse høyrde vesle Lina på, og det gjorde sitt til å utvikla hennar skyn og tanke, men serleg hennar religiøse lynne. Mykje gjorde og til hennar åndelege vokster, at dei las høgt i heimen, serleg vinterkveldane, av både eldre og yngre forfattarar.

I tolvårsalderen vart ho teki av ein tung sjukdom, so ho laut liggja i fleire månader. Då hende noko merkelegt, som er eit vitnemål um hennar barnlege tru. Ein søndag, då dei andre var i kyrkja, las ho evangeliet på dagen. Det var um Jairus si dotter. Då bad ho inderleg til Jesus, at han ogso måtte taka henne i handi og segja: «Vesle gjenta, statt upp!» Viss um, at han vilde høyra hennar bøn, bad ho tenestegjenta koma inn med klædi hennar. Gjenta øva seg, men ho

gjorde det likevel. Ho klædde då på seg stilt og roleg og gjekk inn i eit anna rom. Der sat ho heilt kjekk, då foreldri kom frå kyrkja. Dette vart for Lina eit varande minne um Guds bønheyrande makt.

Hennar diktargåve synt seg tidleg. Alt berre 13 år gamal tok ho til å skriva vers. Samstundes tok ho ogso til å skriva ned inntrykk av bøker, som ho hadde lese. Det var berre kristelege ting ho skreiv og dikta um. For i alt var det Gud ho såg og høyrde. Hennar inn-etter vende hug lika best einsemi eller samveret med hennar kjære far. Han skyna henne so godt.

Ho visste ikkje um nokor tid, då ho livde skild frå Gud, og difor kunde ho ikkje heller peika på ei tid, då det gjekk for seg ei umvending frå myrker til ljøs. Ho hadde stade i dåpsnåden sin. Men ein trong til inderlegare samfund med Frelseren kjem straks fram i det ho skreiv i barndomen. Og denne trongen voks etter kvart som ho fekk djupare uppliva sæla ved å høyra Herren til.

Hennar far, provst Sandell, var ein mann, som hadde fenge smaka mykje av Herrens godleik og var sers varm i si tru. Han sa ofte til folket sitt, at han ynskte ikkje å måtte yverliva seg sjølv. Han sa: «Eg bed Herren um å få vitna um namnet hans til slutten av mitt liv». At dette ynskjet so snart skulde verta oppfylt kom ingen på.

Sumaren 1858 skulde han saman med Lina gjera ei ferd til Gøteborg for å vitja venen sin, domprovst Wieselgren. «Eg hev tala med min Gud um det, og han hev gjeve meg lov til å fara», sa han.

Sundagen fyrr han reiste preikte han i kyrkja si, som var full av åhøyrarar. Emnet var: »Den sæle heimen og vegen dit». Han nemnde til slutt desse ordi i teksti: «Då læresveinane lyfte upp augo sine, såg dei ingen utan Jesus åleine». So sa han: «Gjev det måtte verta valsporet vårt kvar einaste dag: In-

gen utan Jesus åleine! Med dette bør me um morgonen vakna og um kvelden gå til kvile. Å, Jesus, når tunga mi ikkje meir kann nemna namnet ditt, so lat det brestande hjarta hava med deg å gjera. Lat meg i dødsstundi lyfta augo mine upp og sjå Jesus åleine».

Ei sterk rørsle tok kyrkjelyden, og folk fekk som ei kjensle av, at dei hadde høyrte avskilspreika at den avhaldne sjelesyrgjaren. Det vart og so.

Eit par dagar etter forlet provst Sandell heimen sin. Med same vogni køyrde, sa han: «Liver me, so liver me i Herren, og døyr me, so døyr me i Herren.» Køyreturen til Jønkjøping tok tvo dagar. Då tala han mykje um sine djupe åndelege røymslor, soleis um Guds meining med, at han stundom løyner seg, og um herlegdomen hjå Gud, når me skal få sjå honom som han er. I Jønkjøping gjekk dei umbord i ein eimbåt, som dei skulde fylgja yver Vetteren. Tidleg morgonen etter gjekk Sandell upp på dekket for å njota den friske morgonlufti og den fagre utsyni. Då kregde skipet noko kvasst og Sandell miste jamvekti og fall ut. Tri dagar etter fann dei att liket hans.

Ein kann lettare tenkja seg enn skildra, korleis dette slaget kjendest for Lina, som so dätteleg skulde missa sin høgt elska far. Men dette hendet førde henne inn i eit endå meir inderlegt samfund med sin himmelske far. Det var etter dette ho skreiv den herlege songen: «Herre fördölj ei ditt ansigte för mig». Det var serleg ved tanken på det, som hennar far hadde tala um på køyreturen til Jønkjøping.

Dei fleste av songane sine skreiv Lina Sandell ved visse høve. Og ho skreiv, når ho fekk noko å skriva, ved eit slag inspirasjon. Stundom kunde ho vakna um natti, meddi ho liksom høyrde ein ny song tona i sjeli si. Difor syrgde ho for å hava papir og blyant ved hand, so ho kunde skriva ordi med same, elles kunde det henda ho miste deim. Den fagre songen: «Lef för Jesus» skreiv ho til ein fødedag.

(Meir.)

De som er skuldig kontingent for 1933: gløym ikkje å senda den inn snarast.

## Som bekkjer i Sudlandet.

(Salm. 126,4.)

Det er det heimattkomne Israel som syng: Store ting hev Herren gjort mot oss og me vart glade. Midt i denne jublande gleda kjem der so ein skjelvande tone: Herre, lat våre fangar venda heimatt som bekkjer i Sudlandet. Det var vår i lufti. Bekkjene fløynde, songfuglane kvitra og heimlandet låg der i sol og song. Det utløyste Israel var sælt i sitt rike sin fagre vår. Midt i alt dette vonrike kjem då dette med lengsla og saknad: Tenk, um fangane våre som er att derute vilde koma heimatt. Born tenkjer på foreldri, og foreldri på borni. Ven tenkjer på ven og frende på frende. Tenk, um dei var som vårbekkjer med liv og lyst. Hev me notidskristne denne understraumen i lovsongen vår? I den staselege rikmannstova låg eigaren og skulde døy. Eg sat der og skulde prøva tolka litt av Guds fredstankar for honom. Det var som å tala for veggen. Ikkje rom korkje for ånd eller ord. Han hadde sjeldan eller aldri høyrte Guds ord. No tykte han Gud var so meiningslaus. Tenk, å måtte skiljast frå den store handelen, kona og dei små borni. Anten der var ein Gud til eller ikkje visste han ikkje. Ein ting hadde han då likevel gjort, knytt nevane og lyft dei i harme mot alt dette urettferdige meiningslause. Det såg soleis for det fyrste ut til, at det var rådaust å få tala noko meir med honom. Endeleg spurde han meg um eg hadde vore lenge her i byen. «I fire månader», svara eg. «Um der hadde gjenge folk allstødt på møti?» «Sume tider hadde det tilmed vore vanskeleg å koma inn; for det hadde vore vekking». «Vekking?» tok han uppatt. «Det hev eg sett nok av. Det trur

eg ingen ting på. Det ryk upp som eit ofsever og stilnar av i eit rotver, so eg veit kva det duger til», sa han. Med ein gong var det som der opna seg ein utveg. «Skal eg få lov til å fortelja Dykk korleis Gud ein gong gjorde det klårt for meg vedkomande dette spursmålet» spurde eg. Eg fortalde: Det var andre vekkingi Gud førde meg inn i som reidskap. Den tidi sa dei som kritiserte oss: «Ung var preikaren, og unge var dei som slutta seg til honom, og dette fell snart i stavar alt saman». Ei stund tok dette eit tungt tak i meg. Sistpå vart det til hugverk, at eg kanskje gjekk der som ein folkeforfarar, eg som meinte det so godt. Tenk, å leida so mange inn i noko der det siste skulde verta verre enn det fyrste. Ein dag kom Gud og løyste meg or denne tyngsla. Det var ein sundag me skulde til kyrkja. Vårtøyren hadde nett denne morgon brote seg igjennom. Storelvi fløynde so det var ei lyst å sjå. Midt uppe i dalen kom ho sopande, braut upp det gamle vintralægjet og hivde upp is og snø framfyre seg til dess ho demde seg sjølv upp. Me køyrde frå Storelvi der. Eg vende meg alt i eit og undrast um ho ikkje skulde vinna seg lenger. Komen ned at kyrkja kom ho durande og støytande med ny ofse. Det vart den gamle saga uppatt. Endå ein gong til demde ho seg sjølv upp. Det såg ut til at demma dernede ved kyrkja skulde verta den seigaste. Likevel di lenger den stod stille di meir makt samla ho og sistpå laut den siste demma gjeva etter. Då vart eg glad. Stillestående tider då det ikkje nett er vekking kann det ogso vera vårflaum. Guds ånd arbeider då og. Dette trur eg ogso de hev merka, vende eg meg til den sjuke døyande. «Å ja, eg kjenner nok her er noko som må brytast upp hjå meg og. Kanskje du vilde beda for meg og syngja meg ein song», bad han. Stutt og greidt: Rikmannen fekk uppliva Guds vårbekk. Han umskapa hans åndsvinter til ein vår og Herrens hage. Då han flutte yver i herlegdomens paradys

sa han fyrr han for: «No vilde eg ikkje bytt med Dykk um eg fekk millionar». Trur nokon at ein som hev vore ein tvilar og nektar midt inne i daudens gap kan tala slike ord um det berre var store ord? Nei, i sanning, der er kraft i Guds vårflaum. Kristen, du som skal liva soleis at der frå deg renn elvar med lavande vatn korleis er det no i dei stillestående tidene. Samlar og brukar du den kraft som der er i Guds vårbekk?

Matias Orheim.

## Bladmannaskulen

gjev opplæring i bladarbeid ved brevbyte. Plan fritt.

Bladstyrar HANS AARNES,  
Bygdøy, Oslo.

## Søglimt

— månadsblad for Norsk vanføresak —  
kjem ut i *Alvøy*, pris kr. 2,00 um året. Meldingar, utgreidingar um saki frå inn- og utland, forteljingar o. a. Styd vanføresaki ved å tinga bladet!

## FRAM

14-dagleg tidsskrift, utgjeve av studentmållaga i Oslo, Nidaros og Aas.

Kostar berrē kr. 1,50 kvartalet.  
Fritt og friskt.

## Bendeungdomslaget, Stavanger

Matstova, Øvre Holmegt. 20

Kaffistova, Torget 6

Kaffistova, Østervåg 25.

GOD MAT OG GODT STELL.

## Kaffistovone åt mållaget Haugesund.

Telefongarden Torget og Haraldsgt. 126  
ved Landmannstorget.

## Framifrå stell.

Beste og billegaste matstover i byen  
Husbunad i norsk stil.  
Stort bladhald.

STILLE STUNDER kjem ut i Volda kvar 14. dag og kostar med sendepengar kr. 3.00 for året. Tingarsamlarar fær for 5 løyste blad det 6te fritt. Kan tingast på alle poststadar i landet. Uppsegjingar av bladet må vera komne til sendestova innan utgangen av halvåret. Elles stend tingingi fast. Tilskrift til styret og sendestova er fru sokneprest Barstad, Volda